



# Statens vegvesen

## Referat

**Dato:** 07.04.2022

**Tid:** 0900 –1030

**Referent:** Nils Inge Romarheim

**Saksbehandler:** Nils Inge Romarheim

**Tlf. saksbeh.** 906 59 309

**Vår dato:** 28.04.2022

## Møte i styringsgruppa for Bypakke Ålesund

<b>Møtenr:</b>	3–2022
<b>Stad:</b>	SVV Olsvika, Møterom Aksla og Teams
<b>Møteleiar:</b>	Tore Johan Øvstebø
<b>Til stades:</b>	<u>Styringsgruppe:</u> Tore Johan Øvstebø, Eva Vinje Aurdal, Øystein Tvedt, Anders Riise, Kristin Sørheim, Ove Nesje, Kjetil Strand, Vebjørn Krogsæter. <u>Sekretariatet:</u> Liv Kjersti Finholt, Torbjørn Vatnehol, Sunniva Ullavik Erstad, Nils Inge Romarheim. <u>Andre:</u> Marius Maske, Malin Piegsa, Ole Kristian Birkeland, Kjetil Sporsem, Jøran Mentzoni Eilertsen, Marit Krekvik.
<b>Forfall:</b>	Fyll inn
<b>Kopi til:</b>	Carl Johansen.

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
1	<u>Innleiing ved leiar for styringsgruppa.</u>  Anders Riise leia møtet innleiingsvis før Tore Johan Øvstebø kom og tok over til sak 3.	
2	<u>Orientering om trafikkanalyse for sentrum og E136 Brosundbro, Waterfront/Posthuskrysset.</u>  Ole Kristian Birkeland orienterte om resultatet frå trafikkanalysen for sentrum.  Modellen viser at bussen vert forsinka ved smal bru. Prosjektet undersøker nærare kor stor forseinkinga vert, og om dette endrar føresetnadene vesentleg frå tidlegare vedtak i kommunestyret.  Styringsgruppa tar saka til orientering.	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
3	<p><u>Orientering om framdrift for Kollektivknutepunkt ved sjukehuset</u></p> <p>Ole Kristian Birkeland orienterte om framdrifta for kollektivknutepunktet ved sjukehuset.</p> <p>Helse Møre og Romsdal ønskjer å bygge parkeringshus ved sjukehuset. Parkeringshus er regulert.</p> <p>Dette vil ha betydning for kor tid og korleis ein skal byggje kollektivknutepunktet. Prosjektet må ta ein runde med helseføretaket. Dette vil gje ei forseinking, førebels usikkert kor lenge. Det er ønskje om å få omsetjing på midlane og ei løysing kan vere å starte på delar av prosjektet først.</p> <p>Styringsgruppa signaliserte at bypakka må tole ei lita forseinking for å få ei optimal løysing totalt sett.</p>	
4	<p><u>Oppstartsvedtak for Kollektivpunkt på Moa.</u></p> <p>Ole Kristian Birkeland presenterte saka. Prosjektering er ferdig og eit oppdatert byggherreoverslag viser ein kostnad på 19,6 mill. kroner, inkludert ein reserve på 2 mill. kroner. Kostnaden er 4,6 mill. kroner høgare enn anslått i haust. Ein har då lagt inn tineanlegg i plattformane. Det vert søkt om tilskotsmidlar til prosjektet.</p> <p>Dette blir eit kollektivpunkt med stor trafikk, og styringsgruppa støtta at ein har med tineanlegg i prosjektet.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtar at prosjekt 738 Kollektivpunkt Moa, kan starte opp i 2022. Prosjekteigar og byggherre er Statens vegvesen, og styringsramma for prosjektet er på 19,6 mill. 2022-kroner.</p>	
5	<p><u>Orientering om innfartsparkering Moa og andre.</u></p> <p>Liv Kjersti Finholt og Tobjørn Vatnehol orienterte om innfartsparkering.</p> <p>Det er satt opp fire konkrete forslag til innfartsparkering i utviklingsplan for kollektiv. Alle forslaga er vurdert å vere viktig for auka kollektivsatsing. Finansiering er førebels ikkje avklart.</p>	

Punkt	Sak	Ansvar / Frist
	<p>På Moa jobbar ein med eit utviklingsprosjekt for ei utvida innfartsparkering, som midlertidig kan opparbeidast på «Ikeatomta».</p> <p>Styringsgruppa tar saka til orientering.</p>	
6	<p><u>Oppstartsvedtak Strakstiltak TS kommune.</u></p> <p>Liv Kjersti Finholt presenterte saka. Det er i budsjettet for 2022 sett av 3,6 mill. kroner til kommunen sine strakstiltak for TS</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at tiltak 761-3 Lerstadbakken og 761-4 Øvre Skytterholmen under prosjekt 761 TS-strakstiltak, kan starte opp i 2022. Prosjekteigar og byggherre er Ålesund kommune, og samla styringsramme for tiltaka er på 3,6 mill. 2022-kroner.</p>	
7	<p><u>Oppstartsvedtak Strakstiltak fylkeskommune.</u></p> <p>Torbjørn Vatnehol presenterte saka. Det er i budsjettet for 2022 sett av 5,8 mill. kroner til fylkeskommunen sine strakstiltak for TS og 7 mill. kroner til strakstiltak for sykkel.</p> <p><u>Vedtak:</u> Styringsgruppa vedtek at Fylkeskommunens del av prosjekt-ID 701 og 761 kan starte opp i 2022. Prosjekteigar og byggherre er Møre og Romsdal fylkeskommune, og styringsramma for prosjektet er 12,8 mill. 2022-kr.</p>	
8	<p><u>Eventuelt.</u></p> <p>Sunniva Ullavik Erstad orienterte om status på kommunikasjon. Det vert eit viktig fokus framover å informere om at AutoPASS-avtale er ein føresetnad for å oppnå rabatt.</p> <p>Nytt møte i styringsgruppa vart fastsett til 20. mai kl. 12-14.</p>	